

Postmottaket

Fra: Linda Nyvoll Antonsen [lindaantonsen@solund.kommune.no]
Sendt: 9. desember 2003 11:39
Til: Postmottaket
Emne: Høyringsuttale frå Solund kommune - sak 2003 02997



2003003248_1507_
O.doc

<<2003003248_1507_O.doc>> Se vedlagte saksdokumenter:

Eg sender med dette høyringsuttale til Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket frå Solund kommune.

Mvh
Linda Nyvoll Antonsen
Solund kommune

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 2997	Doknr.: 52
Mottatt: 09 DES 2003 458/185	
Saksbeh.: TIN	Ark.: 486
Kopert:	Avskr.:



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	125/03	03.12.2003	LINANT

Avgjerd av: Solund formannskap	Arkiv: K2-V 19, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 2003000650
--------------------------------	---------------------------------------	--------------------------

UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommune støttar i hovudsak framlegga til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*, men bed om at endringar som følgjer nedanfor vert gjennomførte:

- Grunneigarar til bruk utan drift kan søkje om tilskot til miljøtiltak
- Lag og organisasjonar kan søkje om tilskot til miljøtiltak
- Det kan søkjast om tilskot til miljøtiltak også til prosjekt og tiltak på landbrukseigedom der det offentlege har eigarinteresser
- Krav om at maksimalt 50% av tildelt beløp til skogtiltak kan gå til skogsvegar må vekk

03.12.2003 FORMANNSKAP

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FRP:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak med slik endring i første avsnitt:

Solund kommune støttar i hovudsak framlegga til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*, men har framlegg til fylgjande endringar:

VOTERING:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FOR-125/03 VEDTAK:

Solund kommune støttar i hovudsak framlegga til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*, men har framlegg til fylgjande endringar:

- Grunneigarar til bruk utan drift kan søkje om tilskot til miljøtiltak
- Lag og organisasjonar kan søkje om tilskot til miljøtiltak
- Det kan søkjast om tilskot til miljøtiltak også til prosjekt og tiltak på landbrukseigedom der det offentlege har eigarinteresser
- Krav om at maksimalt 50% av tildelt beløp til skogtiltak kan gå til skogsvegar må vekk

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2003	Det Kongelige Landbruksdepartement	UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2003	Det Kongelige Landbruksdepartement	UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

Jordlova av 12. mai 1995

Høyringsutkast for *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

KVA SAKA GJELD:

Uttale til høyringsutkast for *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket*

SAKSUTGREIING:

Solund kommune har fått utkast til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* til høyring.

Den nye *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* skal erstatte forskriftene spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT) og forskrift om tilskot til miljøretta omlegging i kornområda (MOMLE). Den nye forskrifta om tilskot til miljøtiltak vil også omfatte ordninga med områdetiltak, med midlar til lokalt forankra planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. I Solund kommune har tre prosjekt fått innvilga slike midlar. I 2002 var aktiviteten høg på STILK-prosjekt i Solund, og brukarane fekk tildelt om lag 1,3 millionar kroner i fjor. Desse tiltaka er viktige for landbruket, friluftslivet og reiselivet i Solund.

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket vil erstatte forskriftene om tilskot til skogsvegar, praktikantar i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsvegar og miljøtiltak i skogbruket. Ordningane skal frå 01.01.2004 forvalta av kommunane, og det vert i samband med det utarbeidd nye forskrifter.

VURDERING:

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket

I den nye forskrifta for miljøtiltak heiter det at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader. Såleis kan kommunen sjølv prioritere tiltaka som høver best for Solund. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt. Dette vert ein føresetnad for at kommunane skal få tildelt slike midlar.

§3 *Vilkår* er noko uklar i høve til om eigarar med landbrukseigedom som søker tilskot må vere registrerte i einingsregisteret. Mange små bruk som i dag går ut av drift grunna mellom anna kravet om MVA-registrering, har store miljøverdiar som er viktige å ta vare på. Det bør difor vere mogleg for grunneigarar som ikkje er registrerte i einingsregisteret, samt lag og organisasjonar, å søkje om tilskot frå miljømidlane.

Vidare heiter det i §3: "Tilskudd kan likevel ikke gis til prosjekter eller tiltak på landbrukseiendom der det offentlige har eierinteresser". I Solund har ein prestegarden i offentlig eige. Garden er eit viktig friområde for ålmenta med fleire turstiar og arboretet. Ein finn det uheldig om tiltak som kjem ålmenta til gode i slike område fell utanom ordninga. Dersom ein finn det vanskeleg å kunne gje kommunane løyve til å ta avgjerder i slike saker, bør fylkesmannen kunne få avgjerdsmynde.

Ein ser det som positivt at ein opererer med høge maksimalsatsar. Dette gjev kommunane stort spelerom i planlegging av tiltak. For planleggings- og tilretteleggingstiltak kan det vere viktig for å få til samarbeid mellom fleire grunneigarar.

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

I høyringsbrevet frå Landbruksdepartementet heiter det at det vil kome avgrensingar i bruken av tilskot til vegføremål ved at desse ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50% av det tildelte beløpet til skogtiltak i den einskilde kommune. I Solund har ein liten aktivitet innan skogbruk. Det vil difor sjeldan vere behov for slike midlar, men det vil gjerne vere ein veg som skal byggjast når ein først får ei slik sak. Såleis vil heile beløpet til tiltak i skogbruket i Solund kunne gå til vegbygging. Difor bør denne avgrensinga fjernast.

UTSKRIFT TIL:

Landbruksdepartementet, postmottak@ld.dep.no merka saksnr. 2003 02997

Næring og kultur